

Fra: Irene Hystad Hugaas
Sendt: 15. desember 2014 16:18
Til: 'janivar@gmail.com'
Emne: SV: Skolen hadde ingen alternativ til gudstjeneste - www.ba.no

Hei,

Denne artikkelen er eg klar over.

Eg er ueinig i at det gjeld same sak ved Grasdal skule.

Vi har kvart år informert om foreldre sine rettar i brev før jul, med henvisning til Opplæringslova. Det vart sendt ut i alle klassar i forrige veke, og lagt ut på heimesida.

Vi har eit alternativt opplegg kvart år; tema har vore juleverkstad og tradisjonar og høgtider i ulike kulturar. Det er alltid ein lærar som har opplegget. Det har aldri vore vanleg skuledag for nokon.

Vi har alltid hatt elevar som har hatt alternativt opplegg, og har ikkje fått klage eller negative tilbakemeldingar på det.

Vi har hatt god dialog og møtt foreldre på ein respektfull måte.

Det er den tradisjonelle julegudstenesta som er hovudaktiviteten i opplæringa, som kulturbærande i vårt lokalsamfunn og del av opplæringa i musikk og RLE. Det er ein rett i Opplæringslova å få fritak frå deler av undervisninga utfrå eigen religion eller livssyn.

Eg skal ta opp denne saka igjen i lærarkollegiet, og i rektorgruppa i Meland. Det er klart at det er grader av alt – og av forståinga av kva som *eigentleg* er likeverdig opplæring, og kva det vil seie i praksis å vise respekt for alle elevar og foreldre sine religiøse og filosofiske overtydingar.

Når du som forelder sit att med eit slikt inntrykk som det du formidlar her, så tyder det vel på at vi ikkje har lukkast godt nok med informasjon og god praksis.

Eg vil gjerne snakke med deg og gjerne ha det som sak i FAU. Vi treng ikkje vera dårlege for å bli betre.

Venleg helsing

Irene Hystad Hugaas

Rektor Grasdal skule

Tlf: 5617 5700/1000 Mob: 93499892

E-post: irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: janivar@gmail.com [<mailto:janivar@gmail.com>]

Sendt: 15. desember 2014 07:26

Til: Irene Hystad Hugaas

Emne: Skolen hadde ingen alternativ til gudstjeneste - www.ba.no

<http://mobil.ba.no/nyheter/article7728200.ece>

Vil gjøre oppmerksom på denne, da det samme gjelder Grasdøl skole.

Jan Ivar Moldekleiv